



Notat

Dato: 03.03.2014
Arkivsak: 2014/12171-2
Saksbehandlar: birhau

Til:	Opplærings og helseutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Gjesteelevgaranti 2014

I Opplærings- og helseutvalet 11. februar 2014 sette Dan Femoen (H) fram følgjande spørsmål:

«Ber om en sak vedr. gjesteelevgarantien i Hordaland. Hvilke kriterier legges til grunn? Hvordan kvalitetssikres dette slik at innbyggerne i fylket får like rettigheter?»

Spørsmåla vart oversend administrasjonen.

Kriterier for gjesteelevgaranti

Alle søkjarar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring har rett til inntak ved eit av tre utdanningsprogram eller inntak til eit Vg2 eller Vg3 kurs som dei har kompetanse til i det fylket ein er folkeregistert. Vidare har dei rett til å søkje landslinjer og landsdekkjande tilbod. Dessutan kjøper Hordaland plassar i Vg2 og Vg3 i andre fylke dersom vi ikkje har utdanningsprogrammet.

I dei seinare åra har fleire skular spesialisert seg på ulike typar fordjupingsfag, både innanfor idrett og andre fag. Kvart år er det nokre elevar som søkjer gjesteelevgaranti for inntak til vidaregåande skule i Sauda, som tilbyr volleyball og sandvolley, eller på Hamar, som kan tilby skøyter som tilleggsfag, eller til «sprangridingslinja» i Vestfold. Når det gjeld fordjupingar, vert det berre kjøpt plass eller gjeve gjesteelevgaranti dersom søkjaren kan dokumentere at ho/han er på landslaget i sin årsklasse.

I Oppland er det ei «motorsykkellinje», som eigentleg er eit ordinært TiP-tilbod, men der dei legg vekt på motorsykkelreparasjonar. Slike tilbod er ikkje landslinjer eller landsdekkjande tilbod, og det vert difor ikkje gjeve gjesteelevgaranti.

Generelt har fylka stramma inn på gjesteelevgarantiar for ulike fordjupingar på utdanningsprogram og programfag som fylka sjølve har tilbod innanfor.

Det er opplæringsavdelinga ved inntakskontoret som handsamar alle søknader om kjøp av elevplass eller gjesteelevgaranti, og på denne måten sikrar vi at regelverket vert likt praktisert.

Ny lokal inntaksforskrift

Det er sett i gang et arbeid med ny lokal inntaksforskrift som skal gjelde frå 2015. Her vil gjesteelevgarantier/ordninger verte eit tema anten i sjølve forskrifta eller i rutineane til forskrifta. Den lokale inntaksforskrifta vil kome til politisk handsaming hausten 2014.